

Møteprotokoll for Ungdomsråd

Møtedato: 22.08.2022
Møtestad: Biblioteket
Møtetid: kl. 14:00 - 16:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Amèlie Leversund Ulstein	OUS	Medlem
Johannes Tepstad Sylta	OUS	Medlem
Henrik Styve Mjelde	Idrett	Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Tiril Loftås	OVGS	Medlem
Leon Magnus Kallekleiv	OVGS	Medlem
Olav Småland	OUS	Medlem
Lena Hopland	DUO	Medlem
Margrete Sørheim	Kultur	Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstattar medlem
Marte Westrheim	OVGS	Tiril Loftås
Aurora Solberg	OVGS	Leon Magnus Kallekleiv
Kararina Strize	OUS	Olav Småland
Jonas Øvsthus	Kultur	Margrete Sørheim

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat

Kari Laurhammer Mjøs, Silje Solberg, ungdoms- og idrettskonsulent
planleggjar på Plan, leiar for Plan

Sakliste

Saknr	Tittel
035/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
036/22	Godkjenning av møtebok
037/22	Referatsaker og meldingar
1	Oppstart av reguleringsplan- til ungdomsrådet
038/22	Planframlegg til høyring og offentleg ettersyn Haus sentrum sør - PlanID 46302020002
039/22	Planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn på høyring

- 040/22 Høyringsinnspel til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn
- 041/22 Informasjon til Ungdomsrådet
- 042/22 Møteplan hausten 2022
- 043/22 Andre saker/spørsmål

035/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Ungdomsrådet har følgjande merknad: Møteinnkallinga kom for seint til at fleire i ungdomsrådet rakk å ordna seg fri frå jobb.

UR - 035/22 VEDTAK:

Innkalling og saksliste blir godkjent med merknad om at møteinnkallinga kom for seint.

036/22: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 30.05.2022 vert godkjend.

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

UR - 036/22 VEDTAK:

Einstemmig vedteke

037/22: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

UR - 037/22 VEDTAK:

1: Oppstart av reguleringsplan- til ungdomsrådet

Rådmannen sitt framlegg:

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Kari Mjøs (Heradsstyret) gjekk gjennom saka.

UR - 1 VEDTAK:

Ungdomsrådet tek saka til vitande.

038/22: Planframlegg til høyring og offentleg ettersyn Haus sentrum sør - PlanID 46302020002

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til detaljregulering Haus sentrum sør, planID 46302020002 med plankart dagsett 20.05.2022, føresegner dagsett 20.05.2022 og planskildring dagsett 20.05.2022 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

25.05.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

PL - 054/22 VEDTAK:

Framlegg til detaljregulering Haus sentrum sør, planID 46302020002 med plankart dagsett 20.05.2022, føresegner dagsett 20.05.2022 og planskildring dagsett 20.05.2022 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Møteleiar har følgjande forslag til vedtak:

Ungdomsrådet har ikkje merknader til planen. Ungdomsrådet ønskjer at planen blir realisert i samanheng med gjeldande reguleringsplan for Haus sentrum frå 2009 slik at det blir ei samanhengande fortausløyising frå sentrum til skulen.

UR - 038/22 VEDTAK:

Einstemmig vedteke.

039/22: Planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn på høyring

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet tar saka til vitande.

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

UR - 039/22 VEDTAK:

Ungdomsrådet tar saka til vitande.

040/22: Høyringsinnspel til planprogram for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Høyringsinnspelet vert vedteke slik det ligg føre.

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Møteleiar legg fram følgjande forslag: "Høyringsinnspelet blir vedteke med følgjande merknad: Ungdomsrådet ber administrasjonen finne betre formuleringar for å uttrykke det som står i følgjande setning " Å legge til rette for at barn og ungdom skal trivast og kjenne tilhøyrse til kommunen sin, eller grenda si, er å investere i framtida" Stikkord er inkludering, haldningsarbeid, lokale og tilgjengelege møtestader med aktivitetar."

UR - 040/22 VEDTAK:

Einstemmig vedteke.

23.08.2022 ELDRERÅDET

Rådet gjorde slikt fellesframlegg:

"Rådet vil spele inn viktigheita av å hugse på og teke omsyn til universell utforming i alle planar og alle utbyggingar"

Framlegget vert samrøystes vedteke.

ELD - 021/22 VEDTAK:

Rådet vil spele inn viktigheita av å hugse på og teke omsyn til universell utforming i alle planar og alle utbyggingar

23.08.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet gjorde slikt fellesframlegg:

"Rådet vil spele inn viktigheita av å hugse på og teke omsyn til universell utforming i alle planar og alle utbyggingar"

Framlegget vert samrøystes vedteke.

RFF - 021/22 VEDTAK:

Rådet vil spele inn viktigheita av å hugse på og teke omsyn til universell utforming i alle planar og alle utbyggingar.

24.08.2022 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalsleiaren gjorde slikt endringsframlegg:

"Endring i høyringsinnspel frå osterøy Kommune:

5 linje under Senterstruktur:

- med større verksemder og sterk sjølvkjensle.

Mange distriktskommunar opplever at til dømes strenge rekkefølgekrav hindrar utvikling av eksisterande verksemder og busetnad. Lokalsamfunna vert ikkje bærekraftige når overordna mynde gong på gong overstyrer kommunane sine ynskjer. Meir fleksibilitet frå overordna mynde har ein eigen verdi her.

Til pkt. 7 – Utgreiingsbehov:

Avklara korleis ein kan ha meir differensierte rekkefølgekrav slik at desse ikkje er til hinder for gjennomføringa av ønskjelege tiltak. Dette inkluderer metodikk for betre tverrfagleg samarbeid internt i dei ulike delane av fylkeskommunen sin organisasjon i planarbeidet."

AVRØYSTING:

Utvalsleiaren sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

PL - 087/22 VEDTAK:

Høyringsinnspelet vert vedteke slik det ligg føre med følgjande endring:

5 linje under Senterstruktur:

- med større verksemder og sterk sjølvkjensle.

Mange distriktskommunar opplever at til dømes strenge rekkefølgekrav hindrar utvikling av eksisterande verksemder og busetnad. Lokalsamfunna vert ikkje bærekraftige når overordna mynde gong på gong overstyrer kommunane sine ynskjer. Meir fleksibilitet frå overordna mynde har ein eigen verdi her.

Til pkt. 7 – Utgreiingsbehov:

Avklara korleis ein kan ha meir differensierte rekkefølgekrav slik at desse ikkje er til hinder for gjennomføringa av ønskjelege tiltak. Dette inkluderer metodikk for betre tverrfagleg samarbeid internt i dei ulike delane av fylkeskommunen sin organisasjon i planarbeidet.

041/22: Informasjon til Ungdomsrådet

Rådmannen sitt framlegg:

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Ungdoms- og idrettskonsulenten presenterte seg for ungdomsrådet, og informerte om at rådet kan

komma med innspel til Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Ungdomsrådet såg over innspela som dei gav i kartleggingsfasen, og hadde ikkje fleire innspel i denne runden.

UR - 041/22 VEDTAK:

Ungdomsrådet tar saka til orientering.
Einstemmig vedteke.

042/22: Møteplan hausten 2022

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtedag: måndag
22. august
10. oktober
21. november

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Møteleiar føreslår å godkjenna møteplanen med følgjande endring: Møtet 10. oktober blir flytta til 3. oktober.

UR - 042/22 VEDTAK:

Møteplanen er godkjent med følgjande endring:
Møtet 10. oktober blir flytta til 3. oktober.
Einstemmig vedteke.

043/22: Andre saker/spørsmål

Rådmannen sitt framlegg:

22.08.2022 UNGDOMSRÅD

Rådmannen gav slikt svar:

UR - 043/22 VEDTAK:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

Til å skriva under møteprotokollen saman med møteleiar vart desse valde: Johannes Tepstad Sylta, Amèlie Leversund Ulstein

Lonevåg, 22.08.2022
Silje Solberg
Sekretær